

Til John Kjell Lien, Tokke kommune

Kopi til Aksel Skaar Skogvang og Magnhild Ek Brynlsen, Sweco Norge AS

Premissar for idékonkurranse utan tenestekontrakt

Anskaffinga

Tokke kommune planlegg å oppgradere Tokke skule.

For å få eit godt utval av konsept å velje i for å kunne vidareutvikle skulen, ønskjer Tokke kommune å halde ei Plan- og designkonkurranse (idékonkurranse).

Idékonkurranse er ei anskaffingsprosedyre som gjer det mogleg for oppdragsgjevaren å få utarbeidd eit planleggings- eller prosjekteringsarbeid, inkludert eit konsept. Kva konsept som vinn, skal avgjerast av ein uavhengig jury. Juryen skal vurdere løysingsforslaga basert på kriteria i konkurransegrunnlaget og opp mot oppdragsgjevar si beskriving av behovet. Juryen skal ikkje ta omsyn til anna informasjon som juryen eventuelt har eller får undervegs i prosessen.

Implementering av vinnande konsept(er) er ikkje ein del av denne idékonkurransen. Det inneber at det ikkje vil bli anskaffa ei teneste av vinnaren som ein del av denne konkurranse.

Regelverk for anskaffinga

Tokke kommune er ei kommunal myndigheit og er omfatta av følgjande lover og forskrifter:

- Lov om offentlege anskaffingar (anskaffingslova)
- Forskrift om offentlege anskaffingar (anskaffingsforskrifta)

Anskaffinga si estimerte verdi

Tokke kommune planlegg å invitere 5 arkitektfirma til deltaking i idékonkurransen der kvart av dei deltakande arkitektfirmaa blir honorert med NOK 150 000.

I samsvar med anskaffingsforskrifta § 5-4 (19) skal oppdragsgjevar, når det ikkje skal inngåast tenestekontrakt, berekne verdien av anskaffinga på grunnlag av betalingar eller premiar til deltakarane i konkurranse.

Dette betyr at estimert verdi for denne anskaffinga er NOK 650 000.

Val av anskaffingsprosedyre

Forskrifta § 5-3 gjev at 1,3 millionar kroner er innslagspunktet for forskrifta sin del II. Estimert verdi for denne anskaffinga er under innslagspunktet for forskrifta sin del II.

Anskaffinga kan difor gjennomførast i samsvar med anskaffingsforskrifta del I. Det er då ikkje krav til å ha ein open konkurranse, men Tokke kommune kan invitere ønskte arkitektfirma til ein avgrensa konkurranse.

Anskaffinga gjennomførast i samsvar med lov om offentlege anskaffingar (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) med dei presiseringar og suppleringar som er angitt i konkurransegrunnlaget.

Konkurransen vil gjennomførast etter FOA del I og V som ein plan- og designkonkurranse (idékonkurranse).

Beskriving av behovet som denne konkurranse skal løyse

Deltakarar skal levere løysingsforslag for oppgradering av Tokke skule ut frå følgjande moment:

- Omfang
 - o Det skal beskrivast løysing både for skulebygg og uteområde.
- Rammevilkår
 - o Skuletype: 1-10 skule

- o Elevtal: 200 elevar
- o Tal SFO-plassar: 50 elevar
- o Klasseromsstorleik: 28 elevar per klasse
- o Tilsette: Totalt 40 tilsette
 - o Av disse er 3 i administrasjon, 16 på barneskoletrinnet (1-7), 12 på ungdomsskoletrinnet (8-10) og 8 på SF
 - o Prosjektkostnad:
 - o 100 000 000 NOK inkl. mva.
 - o (Dette er ei politisk føring).

- Føringar

- o Eksisterande bygg:

- o Liofløyen mot vest skal haldast og renoverast
- o Spesialrom i Liofløyen skal videreføres
- o Resten av eksisterende bygningsmasse kan rivas

- o Romprogram:

- o Detaljert romprogram er ikkje laga
- o Egne soner for hhv små-, mellom- og ungdomstrinn inkl wc/garderobe.
- o Eit klasserom og eit grupperom for kvart årskull.
- o Eit av grupperoma pr sone skal bereknas til 14 elevar.
- o Fellesareal/ kantine og SFO skal ha større areal enn i eksisterande skule.
- o 9 tilsette skal ha eigne kontor.
- o Kontorfellesskap for lærerar til hhv små-, mellom-, ungdomstrinn og SFO
- o Personalrom for lærerar skal også fungere som møterom for allmøte for tilsette.
- o Fasilitetar for andre tilsette, reinhald og vaktmester.
- o Noko areal pr sone ute skal vere overbygd for elevane.

Ønska kvalitetar ved ny skule

- o Ungdomstrinnet skal kjenne at dei kjem til eit nytt miljø
- o Effektive arbeidsområde for tilsette på skulen
- o "Blindsoner" bør unngåast
- o Godt dagslys
- o Ein lun og trygg skule som skapar trivsel
- o Uteområde som innbyr til fysisk aktivitet

Klima- og miljøomsyn

Bygg i kommunen sin regi skal alltid vurderast bygd i tre (massivtre) eller reisverk av tremateriale (frå «Klimaplan for Vest-Telemark», som Tokke kommune har vedteke).

Planlagd leveranseomfang

Deltakarane i konkurransen skal levere følgjande:

- o 3D-modell av bygg i IFC-format

- o PDF-filer av:

- o Etasjeplanar
- o 2 innvendige perspektiv
- o 4 fasadeperspektiv (N, S, Ø, V),
- o utomhusplan
- o grovt kostnadsestimat
- o kort beskriving av korleis løysingsforslaget oppfyller føringane i konkurransen.

Gjennomføring av konkurransen

Det vert invitert 5 arkitektkontor til å delta i idékonkurransen.

Arkitektkontora får 4 månader på å utarbeide eit løysingsforslag (20.10.2024 - 01.03.2025).

Som ein start på idekonkurransen arrangeras eit informasjonsmøte og ei synfaring med dei arkitektkontora som er invitera, på Dalen.

Anskaffingsforskrifta sine krav til anonymiserte svar skal overhaldast, og juryen skal ikkje vite kven som står bak dei innleverte forslaga før etter vurderinga. Juryen skal protokollføre si avgjerd.

Det er viktig at anonymitetsprinsippet blir konsekvent teke vare på gjennom heile konkurransens forløp. Dette gjeld både kontakt med deltakarane under konkurranseperioden og handteringa av sjølve innleveringsprosedyra og utpakkinga av det innleverte materiale.

Anskaffelsesforskriftens § 31-4 (1) sei at juryen skal bestå av minst 1/3 arkitektar.

Konkurransen evalueras av ein jury som ser slik ut:

- o 4 representantar frå Tokke kommune
- o 2 arkitektar

Informasjonskonsulenten i Tokke kommune skal vere jurysekretær.

Det skal kåras 3 vinnerar i idekonkurransen

Avslutning av konkurransen

Når juryen har fullført vurderingane sine, skal arbeidet samanfattast i ein juryrapport. Rapporten kan gje nyttige råd for vidare arbeid og tilbakemelding til deltakarane.

Vidare prosess

Konsepta frå idékonkurransen kan danne grunnlaget for utvikling og implementering av den endelege løysinga på behovsbeskrivinga.

Etter utarbeiding av behovsbeskrivinga for nye Tokke skule, vil det bli gjennomført ei offentlig anskaffing av totalentreprise knytt til bygging av skulen.